



Uskedalsjentene gjorde det godt i cupen. Bak frå venstre står Anne Marthe G. Zimmer, Victoria A. Eik, Susanne L. Eik, Kari Bråtun, Marit-Inga T. Sture, Kaja Døssland og Marte Dagestad. Foran sit frå venstre Bente Halvorsen, Katrine Y. Røssland og Karoline I. Amundsen. (Foto: Silje Bråtun)

Søndag stod II. Trio som arrangør for den årlege Trio-cup. Det var laga med spelarar fødte i 95 og 96 som møttest til dyst denne søndagen. Heile 24 kampar vart avvikla. Kvinnheradslaga fekk møta lag frå eit vidt område. Såleis kan vi nemna at både Rubbestadneset og Røldal var mellom deltakarane. Uskedalen stilte med eitt lag for jenter og eitt gutelag.

Allereie før klokka slo ni, denne første dagen med sommartid, møtte spelarane på småjentelaget ved Grano. Dei skulle tidleg i elden. Humøret var på topp, - forventningsfulle og ikkje så lite rastlause var dei.

Det var stille og litt sommartid-trøtt stemning på tribunen då første kampen vart blesen i gang, men alt då Uskedalsjentene spela første kampen, var dei engasjerte heia-ropa på plass. Mødrene førte an, og resten fulgte opp. Jentene på banen viste god innsats, og både dei sjølv og trenarane, foreldre og søsken var svært så fornøgde ved kampslutt. Marit-Inga T. Sture sette inn einaste målet midtveis i kampen, og dermed var sigeren sikra. Etter dette fulgte jentene opp med to gode kampar, og dei kunne reisa heim frå Trio-Cup dette året utan eit einaste baklengsmål. Flott levert!

Utover dagen kom stadig nye lag til. Publikumstilstrøyminga var og god, og det vart både folksamt og god cupstemning i Husneshallen. I guteklassen gjorde også uskedalslaget ein flott innsats. Det spela heile fem kampar og fekk dermed god kamptrening.

Slike arrangement som Trio-Cup er viktige og inspirerande for dei unge fotballspelarane. Trio kom godt frå

arrangementsoppgåva, og vi kjenner oss trygge på at alle deltakarane som kunne reisa heim med kvar sin deltakarstatuett, var svært så fornøgde med dagen.

Resultat frå alle kampane er å finna på: <http://www.il-trio.no/>

Av Thor Inge Døssland